

Handlingsplan for perioden 2025– 2028

med prioriterte tiltak for 2026

Innhald

1	Mål, visjon, organisering	3
1.1	Om handlingsplanen	3
1.2	Formål	3
1.3	Organisering	3
1.4	FNs berekraftsmål ligg til grunn	3
2	Styret, dagleg leiar og administrasjonen sitt arbeid	4
2.1	Generelt om samarbeid, styrearbeid og informasjon	4
2.2	Prioriterte tiltak i 2026 – administrasjon/leiing	4
2.3	Administrasjon og leiing	4
3	Aktivitetsarbeid	5
3.1	Aktivitet i skule og barnehage/læring i friluft	5
3.2	Utendørsterapi som fagleg løft og kompetanseutvikling	5
3.3	Aktivitet i fritida - for barn, ungdom, vaksne og familiar	6
3.4	Prioriterte tiltak i 2026- aktivitetsarbeid	6
3.5	Utstyrsbasen for utlån til skular og lag/organisasjonar	8
3.6	Prioriterte tiltak i 2026 – utstyrsbase	8
4	StikkUT! og andre turruter og digitale løysingar	8
4.1	StikkUT!	8
4.2	Prioriterte tiltak i 2026 – StikkUT!	9
4.3	Ta i bruk den digitale kartløysinga Vestkystparken.no på Sunnmøre	10
4.4	Merking/skilting, ruter og digitale kart	10
4.5	Prioriterte tiltak i 2026– merking/skilting	10
4.6	Kommunale planar for friluftslivet sine ferdselsårer	11
4.7	Prioriterte tiltak i 2026 – friluftslivets ferdselsårer	11
5	Sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde	11
5.1	Statleg sikring og forvaltningsplanar	11
5.2	Prosjektsøknader tiltak	11
5.3	Skjøtsel og drift gjennom året	11
5.4	Prioriterte tiltak i 2026 – sikring/forvaltning/tilrettelegging	12
6	Arbeid mot marin forsøpling	12
6.1	Ryddeaksjonar i heile Sunnmøre	12
6.2	Prosjektet Rydd Norge 2 2024-2028	13
6.3	Rydding av Hjørundfjorden 2026	13
6.4	Prioriterte tiltak 2026 – marin forsøpling ryddeprosjekt	13
7	Skjergardstenesta Møre og Romsdal og oppdrag frå Sunnmøre friluftsråd	14
7.1	Generelt om bruk av skjergardstenesta	14
7.2	Prioriterte tiltak i 2026 – skjergardstenesta	14
	Vedlegg: Arbeidsplan/prosjektliste 2026 med innvilga eller omsøkt støtte	15

1 Mål, visjon, organisering

1.1 Om handlingsplanen

Dette dokumentet er ein fleirårig handlingsplan vedtatt av representantskapet som viser gjennomgåande ansvar, oppgåver og prioriteringar og utviklingsområde over fleire år. Dokumentet er også ein årleg arbeidsplan med konkrete tiltak som skal gjennomførast dette året. Handlingsplanen og årleg arbeidsplan vert vedteken av representantskapet, planen set rammer for ressursbruk og fokus i styret og administrasjonen i perioden. Årsmeldinga rapporterer gjennomføringa av arbeidsplanen for året.

1.2 Formål

Handlingsplanen for Sunnmøre friluftsråd (KO) skal bidra til formålet til friluftsrådet og peike ut konkrete satsingar og tiltak dei næraste åra for å oppnå dette.

«Folkehelse er fundamentet i alt Sunnmøre friluftsråd (KO) gjer. Vi skal, i samarbeid med deltakarkommunane, andre offentlege styresmakter, organisasjonar og frivillige, fremje allsidig og miljøvennleg friluftsliv i regionen. Vi skal stimulere til friluftsliv til beste for trivsel og helse for alle og skape større forståing for nytten av friluftsliv.»
(Samarbeidsavtala §3 Formål)

Friluftsliv kjenner ikkje kommunegrenser - friluftsråda utgjer naturlege regionar for utøving av friluftsliv og dermed for arbeid med friluftssoppgåve.

1.3 Organisering

Sunnmøre friluftsråd er eit kommunalt oppgåvefellesskap for medlemskommunane på Sunnmøre, og er eiga juridisk eining. Øvste organ i Sunnmøre friluftsråd (KO) er deltakarkommunane i representantskapet. Kommunane har vedteke ei samarbeidsavtale som er vedtektene for oppgåvefellesskapet. Mellom representantskapsmøta er det styret som styrer verksemda. Dagleg leiar og administrasjonen på 9 faste tilsette + innleigde står for dagleg drift, prosjektleiing, aktivitet og rådgjeving innan friluftsliv.

1.4 FNs berekraftsmål ligg til grunn

Friluftsrådet arbeider for eit naturvennleg, berekraftig og lite utstyrskrevjande friluftsliv for alle. Friluftsrådet har ansvar for å bidra til FNs berekraftsmål (verdask felles plan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030) – [lenke til Friluftslivets bærekraftplakat](#). Mange av arbeidsoppgåvene i friluftsrådet høyrer naturleg heime under eitt eller fleire av måla.



2 Styret, dagleg leiar og administrasjonen sitt arbeid

2.1 Generelt om samarbeid, styrearbeid og informasjon

Friluftsrådet skal leggje stor vekt på samarbeid med deltakarkommunane, frivillige lag og organisasjonar, fylkeskommunen, dei andre interkommunale friluftsråda (med særleg vekt på Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal), Friluftsrådenes Landsforbund og Miljødirektoratet.

Vidare skal vi aktivt arbeide for å skaffe prosjektmidlar og inngå samarbeid med Rydd Norge, sparebankar, fond og andre aktørar som gir økonomisk støtte, samt relevante samarbeidspartnarar, sponsorar og bidragsytarar.

Kontakten med dei andre frilufsorganisasjonane i fylket skal vidareførast gjennom aktiv deltaking i «Forum for Natur og Friluftsliv» (FNF).

Administrasjonen skal fungere som eit fagmiljø for friluftsliv for medlemskommunane og andre samarbeidspartnarar, og vere både pådrivar og høyringsinstans i viktige saker som rører friluftslivet i regionen.

Styremøte og representantskapsmøte skal gjennomførast i tråd med det som er fastsett i samarbeidsavtalen.

Friluftsrådet skal halde fram med å vere synleg i media og digitale kanalar, og prioritere tydelig profilering på utstyr, bygningar, køyretøy og anna materiell.

Sunnmøre friluftsråd vil markere og løfte fram Friluftslivets veke, og tilby barnefamiliar og andre målgrupper varierte og lærerike frilufsaktivitetar i denne perioden.

Styret og dei tilsette skal kjenne medlemskommunane godt, og nye kommunar skal få god innføring og inkluderast raskt i friluftsrådet sitt arbeid.

I løpet av planperioden skal alle deltakarkommunane få tilbod om ein presentasjon av friluftsrådet i kommunestyre eller formannskap.

2.2 Prioriterte tiltak i 2026 – administrasjon/leiing

2.3 Administrasjon og leiing

- Gjennomføre fire styremøte og eitt representantskapsmøte
- Vidareutvikle og implementere kommunikasjonsplan og grafisk profil
- Konsolidere PowerOffice som heilskapleg økonomi- og prosjektstyringssystem
- Styrke samhandling og informasjon til deltakarkommunane
- Arbeide aktivt for medfinansiering og sponsorstøtte
- Gjennomføre presentasjon i kommunestyre/formannskap der det manglar
- Profilering av Sunnmøre friluftsråd i samarbeid med høgskulen i Volda

Internt:

- Styrke rutinar og internkontroll etter styret sitt krav
- Vidareutvikle sikkerheitsstyringssystemet for Skjergardstenesta

3 Aktivitetsarbeid

Aktivitetsarbeidet til friluftsrådet skal stimulere til meir friluftslivsaktivitet gjennom informasjon, opplæring og tilbod om aktivitetar ute i friluft for alle aldersgrupper. Planar for aktivitetsarbeidet kan delast inn i fleire område vist under. Generelt vil friluftsrådet utvikle seg i retning av å utvide tilbod til unge og vaksne gjennom kurs og opplæring for auka friluftsliv i medlemskommunane.

3.1 Aktivitet i skule og barnehage/læring i friluft

Friluftsrådet skal legge til rette for fysisk aktivitet for barn og unge (samarbeidsavtalen §3).

Dette er både i samband med undervisning i skule og barnehage, og aktivitetstilbod i fritida (neste kapittel). Aktivitet vil tilbyr skulane skal vere i samanheng med fagfornyinga.

«Læring i friluft» er friluftsråda si nasjonale satsing på å medvite bruke natur og nærmiljø som undervisningsstad/skule. Målet er meir og betre undervisning utanfor klasserommet. Medviten bruk av nærmiljøet i undervisning har friluftsråda satsa på gjennom «Stedsbasert læring».

Sunnmøre friluftsråd held kurs for pedagogisk personale, har opplegg direkte for barn og pedagogar, og lagar tips og formidlar idear på ulike emne eller undervisningsopplegg.

3.1.1 Prosjekt i grunnskulen «Slå på ringen - å kjenne gleden av rørsle, i lag, ute»

Dette tiltaket er ei vidareutvikling av Leikepatruljen og er særleg retta mot barneskulane. Målet er å motivere både elevar og vaksne til variert leik og rørsle ute. Arbeidet omfattar inspirasjonsøktar for elevgrupper (Leikepatruljen), samt kurs for tilsette i skulen med fokus på uteleik, fysisk aktivitet og kreativ bruk av uteområdet (Prøvekaninane). I tillegg inngår ein digital idébank der skular og andre kan hente forslag til aktivitetar (Digitalt Digg).

Kursa vert tilpassa dei enkelte skulane sine uteområde, slik at opplegga kan nyttast best mogleg lokalt. I den vidare utviklinga vil prosjektet også rette seg mot ungdomsskulane og korleis desse kan utnytte sine uteareal.

«Plaster på såret, mose i håret» er eit nytt element i satsinga og tek for seg grunnleggjande kunnskap om risiko, tryggleik og enklare førstehjelp, med vekt på å skilje mellom ufarlige situasjonar og reelle skader.

3.2 Utendørsterapi som fagleg løft og kompetanseutvikling

Sunnmøre friluftsråd har i 2025 delteke i det første kursopplegget for utendørsterapi i Møre og Romsdal. Gjennom seks kursdagar fordelt på tre samlingar har vi bidrege med fagleg innhald, metodikk og praktisk tilrettelegging. Utendørsterapi er ei målretta bruk av friluftsliv for helse og meistring, og blir nytta i både folkehelsearbeid, førebygging, behandling og oppfølging av barn, familiar, vaksne og eldre.

Deltakinga har gitt friluftsrådet eit tydeleg kompetanseløft. Vi har fått innsikt i ny forskning, vidareutvikla kunnskap om helsefremmande naturbruk og styrkt vår rolle som fagleg aktør på feltet. Kurset vart arrangert av KORUS med deltaking frå Sunnmøre friluftsråd, NAPHA, KBT og brukarorganisasjonen Dette tverrfaglege samarbeidet har gitt oss høve til å byggje nettverk, dele erfaringar og bidra til utviklinga av eit fagfelt i vekst. For oss representerer dette starten på eit sterkare kunnskapsmiljø rundt helse, natur og meistring, eit område vi ser er behov for vidareutvikle framover.

3.2.1 Kajakk i skulen/kajakknnettverk + læring i friluft

Sunnmøre friluftsråd har bygd opp eit eige kajakknnettverk for lærarar i regionen. Lærarane får opplæring gjennom grunnkurs, tekkkurs, aktivitetsleiarkurs og livredningskurs, slik at dei kan

bli sertifiserte etter padleforbundet sitt våttkortsystem. Kursinga inneheld også element frå «Læring i friluft» og stadbasert læring, slik at lærarane får kompetanse til å knyte padleaktivitetar til praktiske undervisningsopplegg ute.

Målet er at dei som blir sertifiserte, skal kunne leie kajakkaktivitet med stadbasert læring for elevgrupper på eigne skular.

Vi vil arbeide langsiktig for å rekruttere fleire skular inn i nettverket, samstundes som vi vidarefører og følgjer opp skulane som allereie er med.

Det er nødvendig å styrkje samarbeidet med mogelege sponsorar for å sikre finansiering av kurs, opplæring og nødvendig utstyr, inkludert kajakkar. «Tryg» kan vere ein aktuell samarbeidspartnar i arbeidet med livredningskurs for lærarar i utemiljø.

3.2.2 Prosjekt i vaksenopplæringa for innvandrar «Naturen som eg er ein del av»

Friluftsrådet samarbeider med fleire vaksenopplæringscenter på Sunnmøre om utvikling av praktiske metodar som kombinerer språkopplæring og praktisk innføring i enkelt friluftsliv for personar med innvandrarbakgrunn. Hensikta er å lette integrering og språkopplæring gjennom aktivitet og meistring ute. Deltaking i friluftsliv bidreg til betre integrering og styrker psykisk og fysisk helse. Friluftsrådet introduserer elevane mangfaldet av turar i nærområdet og aktivitetar som er gratis og tilgjengelege for alle. Friluftsrådet har gjennomført prosjektet for vaksenopplæringa i Ålesund sidan 2019, i Sykkylven i 2021, i Ørsta i 2022, Hareid 2023, Volda i 2024 og vil vidareføre satsinga og utvide denne til fleire kommunar i planperioden. Aktivitet i snø, utandørs matlaging, arbeid mot marin forsøpling er viktige område i friluftsrådet og skal også inngå tilbodet til innvandrarar.

3.3 Aktivitet i fritida - for barn, ungdom, vaksne og familiar

3.3.1 Friluftsskular og ferieaktivitet

Sunnmøre friluftsråd tilbyr årlege friluftsskular i starten av sommarferien for barn i alderen 10-13 år. Tema er allemannsretten, leir/bål og kart/kompass. Friluftsrådet tilbyr også opne aktivitetsarrangement i vinterferien og haustferien. Dette er lågterskeltilbod om ein sosial, aktiv møtestad ute med enkle friluftaktivitetar eller frileik i attraktive nærområde der borna bur. I haustferien inviterer vi lokale SFO til å bli med. Padlefestival UNG er også eit tilbod i fritida for ungdom.

3.3.2 Naturmøteplassar

Sunnmøre friluftsråd initierer naturmøteplassar som vert drifta av frivillige i medlemskommunane. Dette er faste møtestadar/turmål ved ein gapahuk eller liknande der ein blir møtt med bålkaffi eller annan varm drikke, ein gong i veka. Dette er eit lågterskeltilbod for personar som har høve til å gå tur på dagtid. Målet er minst ti naturmøteplassar på Sunnmøre. Volda kommune kommer med naturmøteplass i Hornindal i starten av 2026.

3.4 Prioriterte tiltak i 2026- aktivitetsarbeid

- Vidareføre og utvikle «Slå på ringen», inkludert satsing mot ungdomsskule
- Vidareføre «Plaster på såret, mose i håret» i samarbeid med skular
- Styrke kajakknettverket og rekruttere nye skular
- Kompetanseutvikling på *Grøn helse*
- Vidareføre ferieaktivitetar i vinter- og haustferie
- Utvide naturmøteplassar til minst éin ny kommune

- Gjennomføre Padlecamp UNG og utvikle nytt ungdomstiltak
- Utvikle «Naturen som eg er ein del av» til minst éin ny kommune

3.5 Utstyrsbasen for utlån til skular og lag/organisasjonar

Friluftsrådet har utstyr til utlån til skular og lag/organisasjonar (ikkje enkeltpersonar). Utstyrsbasen skal fremje moglegheita for meir friluftsliv for alle, utlånet er gratis.

Friluftsrådet treng å jobbe med kva som er målsettinga vår framover for utstyrsbasen. I løpet av perioden skal friluftsrådet gjere ei heilskapleg vurdering av kva utstyr friluftsrådet treng til eige bruk, og gi vekk overskotsmateriale til registrerte utstyrsbasar i medlemskommunane. Dette betyr at vi på lengre sikt truleg vil slutte med utlån med unntak av kajakkhengarane til skular.

Drift av utstyrsbase er dyrt og tidkrevjande og friluftsrådet får ikkje prosjektstøtte til dette. Den viktigaste årsaka er likevel at det no finst fleire utlånsbasar av liknande friluftsutstyr som er lettare tilgjengeleg for brukarane, og som også har kapasitet til å låne ut til enkeltpersonar (eksempelvis Skattekontoret, Bua, Sportsbiblioteket osv.)

3.6 Prioriterte tiltak i 2026 – utstyrsbase

- Fullføre strategisk gjennomgang av framtidig modell for utlån
- Redusere utlån til berekraftig nivå, prioritere kajakkhengarar
- Innleie samarbeid med BUA i kommunane som har det.
- Avklare framtidig ordning for robåtar i dialog med Sunnmøre Museum

4 StikkUT! og andre turruter og digitale løysingar

4.1 StikkUT!

[Stikk UT!](#) er den mest populære turtrimmen i landet, som motiverer fleire innbyggjarar til å gå turar. Friluftsrådet i Prosjektet har ei eiga nettside stikkut.no.



Stikk UT!-turmåla er merka turløyper til etablerte turstadar i alle medlemskommunane i Møre og Romsdal. Turane er fargekoda ut frå vanskegrad.

Før sesongstart (sommar) blir det kvart år utarbeidd ein kartbrosjyre der alle turmåla er sett inn på kart. Dette blir distribuert gratis til alle husstandane i deltakarkommunane.

I 2021 vart det teke i bruk ein eigen app, der turgåarar kan registrere turane dei går.

Svært mange frivillige rundt om i medlemskommunane gjer eit uvurderleg arbeid med skilting, merking, ryddinga av råser, løypekøyning på vinteren og utsetting av kodar. Utan desse ville ikkje turtrimmen vore mogleg å gjennomføre.

Sunnmøre friluftsråd skal vidareføre og vidareutvikle Stikk UT! både sommar og vinter i samarbeid med FNR og medlemskommunane. I planperioden skal dei to friluftsråda

gjennomføre ei totalevaluering av StikkUT! Møre og Romsdal for å oppnå langsiktig økonomisk bereevne i drift og utvikling. Styret vert involvert i retningsval for framtida.

4.2 Prioriterte tiltak i 2026 – StikkUT!

- Arbeide målretta for å styrkje inntektsgrunnlaget til Stikk UT! mellom anna ved:
 - å motivere fleire verksemder til å delta i Stikk UT! Bedrift
 - å utvikle nye sponsoravtalar, til dømes gjennom synleggjering i appen i samarbeid med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal (hovudsponsor, kartsponsor og andre avtalar)
- Gjennomføre heile sommarsesongen for Stikk UT!
- Auke talet på ruter i Stikk UT! Ski, og eventuelt vidareutvikle Stikk UT! Vinterfottur
- Vidareføre og forvalte StikkUT!-fondet
- Arbeide aktivt for å realisere ein nasjonal satsing gjennom etableringa av Stikk UT! Norge

NB! Strategiplan for StikkUT! Møre og Romsdal 2020-2025 har eigen tiltaksplan som Sunnmøre friluftsråd er ein del av.

4.3 Ta i bruk den digitale kartløysinga Vestkystparken.no på Sunnmøre

Dette står på nettsida som innleiing til kartløysinga <https://vestkystparken.no/>

«Vestlandets skjærgårdspark: Fra Åna-Sira i sør til Stadlandet i nord tilbys mer enn 300 friluftslivsområder, uthavner, fortøyningsplasser, teltplasser og badeplasser. Her er noe for enhver smak, enten du kommer med egen båt, kajakk eller bil!» Friluftsråda langs heile Vestlandet legg inn informasjon om sjønære tilrettelagte friluftsområde i denne kartløyninga.

I kartløysinga kan ein mellom anna søkje etter kvar det finst ulike fasilitetar, som gapahukar, friluftstoalett, parkeringsplassar og tilrettelagde overnattingsstader. Ein kan òg finne informasjon om aktivitetstilrettelegging, til dømes padling, bading, stupebrett, bord og benkar, grillplassar og tilbod som er tilrettelagde for personar med nedsett funksjonsevne.

4.4 Merking/skilting, ruter og digitale kart

[Turkortbasen til friluftsrådet](#) viser enkle nærturar i deltakarkommunane våre. Dette er turar for dei aller fleste og gi informasjon om dei nære naturperlene. Turkorta er også samla i eit turkorthefte som vert trykt opp og delt ut i kommunane/er til sals i nettbutikken. Turkortbasen skal marknadsførast i perioden.

Friluftsrådet skal vidare bidra til **kystfriluftsliv** gjennom opplæring, kartlegging av padleruter/turregistrering og merking, mellom anna registrere interessepunkt som parkering og utsetting av kajakk.

Merking og skilting både fram til friluftsområde og av stiar/turvegar er viktig for brukarane. I planperioden skal friluftsrådet ta initiativ til fellesprosjekt for dette saman med kommunane.

Sunnmøre friluftsråd skal etablere og ta i bruk Vestkystparken.no for Sunnmøre.

4.5 Prioriterte tiltak i 2026– merking/skilting

- Opprette prosjektgruppe med DNT Sunnmøre for kajakkled. Registrering av parkering/utsetting av kajakk, interessepunkt i og starte arbeidet med padleleder (synfare, registrere og kartlegge nye potensielle ruter)
- Delta i Vestkystparken.no og implementere og utvikle denne for vårt område
- Sette ut informasjonstavler i friluftsområde vi ikkje er ferdige med

4.6 Kommunale planar for friluftslivet sine ferdselsårer

Stiar, turvegar, løyper og leder er avgjerande for utøving av friluftsliv, og vert kalla friluftslivets ferdselsårer. *Stortingsmeld. 18 (2015-2016) Friluftsliv – Natur som kjelde til helse og livskvalitet* er grunnlaget for [ei nasjonal satsing på friluftslivets ferdselsårer, leia av Miljødirektoratet](#). I perioden 2020-25 leiar fylkeskommunen prosjektet «*Friluftslivets ferdselsårer Møre og Romsdal*». Sunnmøre friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal deltek i prosjektet og skal der i gjennom bistå i kommunal planlegging for betre tilrettelegging for friluftsliv.

4.7 Prioriterte tiltak i 2026 – friluftslivets ferdselsårer

- Bistå kommunane i å fullføre arbeidet med planar for friluftslivets ferdselsårer, og følgje opp samarbeidsavtalen med Møre og Romsdal fylkeskommune i prosjektet som skal koordinere dette i lag med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal.
- Arbeidet skal samtidig bidra til å styrkje kunnskapen om korleis aukande ferdsel og reiselivsaktivitet påverkar friluftsområda våre, slik at kommunane kan ta gode, berekraftige val i vidare planlegging og forvaltning.

5 Sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde

Friluftsrådet skal arbeide med sikring, tilrettelegging og drift av friluftsområde av ulike slag (samarbeidsavtalen §3).

5.1 Statleg sikring og forvaltningsplanar

Friluftsrådet skal vere ein pådrivar og følgje opp og hjelpe deltakarkommunane i arbeidet med statleg sikring av område for friluftsliv. Friluftsrådet skal vidare vere pådrivar for at deltakarkommunane i samarbeid med friluftsrådet utarbeider forvaltningsplanar for dei statleg sikra områda der det enno ikkje er gjort. Det er mange kommunar som ikkje har fornya gamle forvaltningsplanar for sine statleg sikra område.

5.2 Prosjektsøknader tiltak

I nært samarbeid med deltakarkommunane, skal friluftsrådet følgje opp måla i forvaltningsplanane for dei statleg sikra friluftsområda, og søke om midlar til tilrettelegging.

Arbeidet med tilrettelegging er avhengig av positive svar på søknadane om tilskot. I samråd med dei nye deltakarkommunane skal det i perioden søkast om minst eitt tiltak i kvar av kommunane. Førresetnaden er at forvaltningsplanane er godkjende. Friluftsrådet skal vidare stimulere kommunane til å satse på tiltak i friluftsområda.

5.3 Skjøtsel og drift gjennom året

Friluftsrådet skal vidareføre skjøtsel og drift i dei områda vi har ansvar for i dag, og i tillegg innarbeide driftsrutinar for nye område som kjem til i løpet av perioden. Eksisterande samarbeidsavtalar om driftsoppgåver skal førast vidare, og det skal vurderast om det er aktuelt med avtalar i nye område. Dette inneber drift eksisterande toalett vi har ansvar for.

Friluftsrådet skal aktivt bruke Skjergardstenesta i Møre og Romsdal i gjennomføring av prosjekt/tiltak og driftsarbeid og i sjøbaserte friluftsområde. Det vert elles vist til kapittelet om Skjergardstenesta.

5.4 Prioriterte tiltak i 2026 – sikring/forvaltning/tilrettelegging

- Sikre at kommunane oppdaterer forvaltningsplanane sine for den nye fireårsperioden, då dei fleste anten har gått ut eller aldri har blitt utarbeidd.
- Prioritere rettleiing til kommunane i arbeidet med å få på plass fleire statleg sikra friluftsområde i løpet av planperioden.
- Ha særleg merksemd på vegetasjonsrydding og grunnleggjande skjøtsel i dei friluftsområda friluftsrådet har driftsansvar for.
- Fullføre og rapportere inn prosjekt som har fått fylkeskommunal støtte i tidlegare år, inkludert:
 - Ålesund, Hundsvær friluftsområde – utarbeiding av skjøtselsplan, toalettløysing og oppstart av grussti
 - Ålesund, Svinøya friluftsområde – etablering av gapahuk/padlehuk
 - Sula, Storholmen friluftsområde – gapahuk/padlehuk og brygge
 - Fjord, Øyna – toalett og generelle tiltak i området
 - Vestnes, Leirvågen–Furnes friluftsområde – nytt friluftstoalett
 - Giske – statleg sikra friluftsområde, oppstart av arbeid
 - Stranda – samskapingsprosjekt: Postvegen
 - Starte opp og fullføre prosjekt vi har fått fylkeskommunal støtte til i 2026:
 - Vestnes, toalett og redskapsbod Kråkvika

6 Arbeid mot marin forurensning

Sunnmøre friluftsrådet skal jobbe for ei reinare fjøre. Vi koordinerer, legg til rette for frivillig og profesjonelt arbeid mot marin forurensning (samarbeidsavtalen §3). Friluftsrådet har dei siste åra fått ein sentral posisjon i arbeidet mot marin forurensning i regionen, og vi søker midlar frå Miljødirektoratet og andre kjelder for å halde fram og utvide dette arbeidet.

6.1 Ryddeaksjonar i heile Sunnmøre

Ved å vidareføre drifta av nettverket «Marin forurensning Møre og Romsdal» i samarbeid med Runde Miljøsentar og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, bidreg vi til å halde oppe motivasjonen hos dei frivillige ryddarane. Vi skal framleis ta initiativ til og koordinere ryddeaksjonar rundt om på Sunnmøre, noko som mellom anna omfattar å stille med nødvendig utstyr som hanskar og sekkar, samt sørge for henting av innsamla avfall.

Eit viktig satsingsområde for friluftsrådet er å styrkje samarbeidet med næringsliv, offentlege instansar og private aktørar for å trappe opp innsatsen mot marin forurensning.

Skjergardstenesta i Møre og Romsdal skal nyttast aktivt i gjennomføring av ryddeaksjonar, særleg i område som er vanskelege å komme til med ordinære metodar.

Vi skal rette innsatsen både mot opprydding og mot omsyn til sårbare artar og naturtypar i strandsona, inkludert raudlista artar. Samarbeidet med frivillige organisasjonar som arbeider med rydding skal vidareførast og utviklast. Samstundes skal vi auke vår eigen fagkompetanse, slik at vi står sterkare som mottakar av prosjektmidlar og som aktuell samarbeidspartnar for oppdrag.

6.2 Prosjektet Rydd Norge 2 2024-2028

Dette er eit nasjonalt program for å rydde plastforsøpling frå ytre kystlinje i Noreg. Programmet er eigd av Handelens Miljøfond, og gjennomførast i samråd med regionale aktørar i kvart fylke, her under Statsforvaltaren. Sunnmøre friluftsråd er av Rydd Norge tildelt rydding av område "Sunnmøre nord 3" i Møre og Romsdal og skal fullføre prosjektet.

6.3 Rydding av Hjørundfjorden 2026

I 2026 er Hjørundfjorden eit utvald ryddeområde, bl.a. med økonomisk sponsorstøtte frå Hurigruten AS og Miljødirektoratet. Dette blir årets sommaraksjon for friluftsrådet, samt samarbeid med frivillige.

6.4 Prioriterte tiltak 2026 – marin forsøpling ryddeprosjekt

- Gjennomføre rydding i dei kartfesta områda i tråd med avtalt framdriftsplan
- Rydde i fuglereservat og andre område som er vanskelege å komme til
- Prioritere opprydding på vêrutsette holmar og skjer når forholda ligg til rette i godvêrsperiodar
- Arrangere ryddeaksjonar i samarbeid med lag og organisasjonar, skular og frivillige grupper
- Styrkje samarbeidet med næringsaktørar for å redusere tilførselen av marint avfall
- Søkje nye prosjektmidlar og støtte frå relevante fond og aktørar, som oppdrettsnæringa, produsentar av tau og isopor, annan regional næring, samt frå Miljødirektoratet og statsforvaltaren

7 Skjergardstenesta Møre og Romsdal og oppdrag frå Sunnmøre friluftsråd

7.1 Generelt om bruk av skjergardstenesta



Gjennom Skjergardstenesta skal friluftsrådet sørge for at sjørelaterte friluftsområde blir godt tilrettelagde og lett tilgjengelege for allmennheita, slik samarbeidsavtalen legg opp til. Skjergardstenesta i Møre og Romsdal vart etablert i 2018 og blir administrert av Sunnmøre friluftsråd. Fylket utgjør driftsområde 8 i den nasjonale skjergardstenesta. Tenesta skal utviklast vidare i nært samarbeid med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, fylkeskommunen, statsforvaltaren og Miljødirektoratet. Skjergardstenesta omfattar heile fylket og har eigen samarbeidsavtale, driftsstyre, årsrapport, årsplan og budsjett. Hovudoppgåva for Skjergardstenesta i Møre og Romsdal er å ta vare på naturmangfaldet og styrkje kunnskapen hos publikum om verdien av kyst- og sjøområda. Arbeidet omfattar miljøvennleg tilrettelegging, drift og skjøtsel av statleg sikra friluftsområde langs sjøen, samt ei sentral rolle i innsatsen mot marin forureining. Oppgåvene kan delast inn i fem hovudområde, slik dei er skildra i årsplanen til Skjergardstenesta.

- «Drifte og vedlikeholde allerede etablerte installasjonar på sjønære, offentlig eide eller statlig sikra friområde i Møre og R. for å tilrettelegge for fine opplevingar i naturen.
- Oppgradere og forbedre eksisterende områder etter bestilling fra de to friluftsrådene i fylket. Dette med bakgrunn i at de to friluftsrådene søker midler til dette etter medlemskommunenes forvaltningsplaner og ønsker.
- Etablere nye brygger og tilrettelegge på nye friareal etter statlig sikring.
- Etablere kontakt og samarbeid med Statens Natur Oppsyn (SNO), lage rutiner og samkjøre oppdrag for synergieffekter.
- Være en aktiv ressurs i kampen mot marin forureining, ta ansvar for rydding av statlig sikrede områder, men også være en utøvende funksjon for de to friluftsrådene i fylket som deres operative enhet til strandrydding i hele fylket.»

7.2 Prioriterte tiltak i 2026 – skjergardstenesta

Desse punkta er henta frå årsplanen til Skjergardstenesta i Møre og Romsdal:

- Utstyre og utvikle den nye båten **Havørn** som kjem mars 2026
- Vidareutvikle og forankre Skjergardstenesta i medlemskommunane til begge friluftsråda i fylket
- Inngå arbeidsavtalar med tilkallingsvikarar for å sikre fleksibel bemanning

Oppdrag frå Sunnmøre friluftsråd:

- Halde ved lag og vidareføre drifta av eksisterande sjønære friluftsområde, inkludert
 - brygger, bygningar, badebøyer og generell vegetasjonspleie
- Utvide den faste driftsrunden i heile Møre og Romsdal slik at fleire statleg sikra sjønære friluftsområde blir inkluderte
- Utføre oppdrag for Sunnmøre friluftsråd knytt til prosjekt innan arbeidet mot marin forureining

Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal har eigen årsmelding og arbeidsplan.

Vedlegg: Arbeidsplan/prosjektlister 2026 med innvilga eller omsøkt støtte

Innvilga og omsøkte prosjekt. Det er forventa at inntektene blir noko mindre enn omsøkt.

Avd. 10 Administrasjon	4 591 000
Avd. 20 Drift sum	1 190 000
Avd. 30 Aktivitet sum	4 580 000
Avd. 40 Skjergardstenesta	6 000 000
Avd. 50 Marin forsøpling	3 600 000
SUM BUDSJETTERTE INNTEKTER 2026	19 901 000

Prosjekt 2026		Økonomisk støtte	Finansiering stad
Avd. 10 Administrasjon:			
Medlemskontingent (bekrefta)	3 460 000		Eigarkommunar
Administrasjonstilskot frå FL	700 000		FL
Driftstilskot frå MRFK	300 000		FK
Andre driftsinntekter, framleige	71 000		Statens naturoppsyn
Avd. 10 Administrasjon sum	= 4 591 000		
Avd. 20 Drift og anlegg:			
1 Overøye/Langesæterområdet - Fullføring wc Øyna	280 000		FK
2 Oppfølging - planer friluftsområde og ferdselsårer	420 000		FK
3 Ferdigstilling Gapahuk Svinøya	205 000		FK
4 Ferdigstilling Nytt toalettbygg Kråkvika friluftsområde	730 000		FK
Avd. 20 Drift og anlegg sum	= 1 190 000		
Avd. 30 Aktivitet			
Aktivitet i skule/bhg Læring i friluft	Slå på ringen – aktivitetsprosjekt (innvilga)	350 000	Gjensidigestiftelse
	Med mose i håret og plaster på såret (innvilga)	248 000	FK
	Personar med innvandrarbakgrunn	250 000	FL
	Læring i friluft - Kajakk i skulen 2026	320 000	FL
	Utanørs livredning i skulen 2026		Sal kurs/evt. sponsor
	URØRT 2026	232 846	FK
Aktivitet i fritida	Naturmøteplass	434 000	FL (Friluftsliv og folkehelse)
	Friluft UNG med ferietilbod 2026	500 000	FL + BufDir + evt bankstifting?
	NB! Tilskudd frå FL på 10 000 til ny friluftsskule	10 000	FL
	Sommarcamp 2026 (vassakt.)	204 058	FK
	Friluftslivets veke – aktivitetsdagar	49 680	FK
	NY Stikk Bort - lavterskel turregistrering i nærmiljøet - omsøkt kr 202 400 hos FL	202 400	FL (Friluftsliv og folkehelse)
StikkUT!	Omsøkt kr 640.000 hos FL + avtale om 250.000 frå Sp.b Møre + ca 450.000	1 340 000	FL (spelemidler) + SBM +sal bedriftspakkar
Tursti m.m.	Naturlos kartbrosjyre - omsøkt kr 300.000 hos FL	300 000	FL spillmidler
	NY Inspirasjonsvideoar for ungdom om turglede og friluftsliv - omsøkt kr 70 000. (	70 000	FL spillmidler
	NY Førstehjelpstiltak stier - omsøkt 70 000.	70 000	FL
Avd. 30 Aktivitet sum	=4 580 984		
Avd. 40 Skjergardstenesta:			
Driftstilskot frå Miljødirektoratet (innvilga)	1 760 000		MD
Driftstilskot frå fylkeskommunen (innvilga)	900 000		FK
Driftstilskot frå Sunnmøre friluftsråd og F. Nordmøre R. (innv.)	830 000 + 50 000		friluftsråda
Andre driftsinntekter innleige+tilskot (inkl. marin forsøpling MD)	2 695 000		friluftsråda, MD
Avd. 40 Skjergardstenesta sum	= 6 005 000		
Avd. 50 Marin forsøpling:			
Rydd ytre kyst Sunnmøre nord – 5043 (er innvilga)	1 066 000		HMF/Rydd i Tide
Marin forsøpling støtte frå Miljødirektoratet (er innvilga) 5022	1 300 000		MD/MARFO
HMF Ytre Storfjord prosjekt i 2026	1 240 000		HMF
Avd. 50 Marin forsøpling sum	= 3 606 000		

Oversikta er per. 2. mars. april 2026, og vert oppdatert etter kvart som inntektsgrunnlaget vert avklart. Forkortingar: Friluftsrådenes landsforbund (FL), Møre og Romsdal fylkeskommune (FK eller MRFK), Miljødirektoratet (MD), Handelens Miljøfond (HMF), Sparebanken Møre (SBM)